



**Dønhaugkjedlaren var ikkje full, men det var god blues-stemning då Terje Frigaard med band igjen heldt konsert nærmast på heimebane inatt. Det må vera tillatt å rekne bluesartisten som ein av våre ettersom han er frå Husnes og samtidig berømma han for at han held bluesfana så høgt framleis sjølv om han er noko meir rocka enn før.**

No har han imidlertid budd mange år i Bergen og det er 11 år sidan han kom med plata Thrill Walk som han naturleg nok var innom også inatt. Frigaard ligg på ein produksjon på 60 prosent av eigne låtar og det er respektabelt.

Bandet spelar fengande og publikumsvennleg musikk og det kunne ha vore eit større publikum i kjedlaren inatt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen